



MØTEBOK – DOVRE KYRKJELEGE RÅD

Møtedato	Møtestad
tysdag 27. november 2018 kl. 19.00 – kl. 22.00	Klukkarhaugen

TIL STADES PÅ MØTET

Dovre sokn:	Guri Ruste, Helle Hundevadt (sak 47 - 51), Sonja Rykhus (sak 45, 51-52), Hans Ingvald Hovde, Tove Jenny Qvan (sak 45-50, 52).
Dombås sokn:	Steinar Botheim (sak 46-51), Stina Cecilie Storhaug Løkken, Martin Berg, Anne Lise Raatrø Pettersen.
Prest:	Knut Håkon Nordhaug.
Kommunerepr.:	Knut Nytun.
Med tale- og forslagsrett:	Kyrkjeverge Elin Marit Andgard, Tove Jenny Qvan, Randi Brennhaug.

SAKER TIL HANDSAMING

SAK 45/18	REFERAT OG ORIENTERING
SAK 46/18	BUDSJETTREGULERING 2018
SAK 47/18	SAK TIL KYRKJELYDSMØTE
SAK 48/18	ÅRETS KYRKJE-MEDARBEIDAR
SAK 49/18	SØKNAD OM REDUKSJON AV LEIGESATSER
SAK 50/18	GUDSTENESTE- OG OFFERPLAN 2019
SAK 51/18	KYRKJEVALG 2019
SAK 52/18	HØYRINGSUTTALE OM NY KYRKJEORDNING

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med underskrifta vår at det som er ført på saksnummer 45-52/18 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

Knut Nytun, Martin Berg, Guri Ruste, Knut Nordhaug, Sonja Rykhus, Hans/Hovde, Stina (Shelken), Anne Lise Pettersen, Tove Jenny Qvan

Innkalling/sakspapir: Utsendt 20.11.2018.

Hovedutskrift: Dovre kommune v/ formannskapet og rådmannen, Prost i Nord-Gudbrandsdal, arbeidstakere i administrasjonsutvalget, revisor.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	27. november 2018		

SAK 45/18 REFERAT OG ORIENTERINGER

Saksopplysninger:

- **Protokoll frå Dovre kyrkjelege råd 10. oktober 2018**
- **Referat frå møter:**
 - Orgelkomitèen 6. november
 - Arbeidsutvalget 2. november
- **Orienteringer:**
 - Prestesituasjon i Dovre
 - Orgel-status
 - Orgelkomitèen har spurt om offer julekvelden i Dombås kyrkje kan gå til nytt orgel i staden for Kirkens nødhjelp.
- **Post:**
 - Til Dovre kommune: Budsjett-2019
 - Frå Hamar bispedømmeråd: Stilling som sokneprest i Dovre og Dombås sokn
 - Frå Hamar bispedømmeråd: Visjonsdokument
 - Frå Hamar bispedømmeråd: Tidsplan for revidering av trusopplæringsplan
 - Kirkerådet: Brosjyre om Kyrkjevalet 2019. Tidsplan.
 - Til/frå Hamar bispedømmeråd: Vedr. endring av soknegrensa (eige sak)
 - Frå Dovrejul: Program og forespørsel om redusert husleigesats (eige sak)
 - Til 7 rørleggarverksemder: Tilbud på luftfukter (frist 2. desember)
 - Frå Hamar bispedømmeråd: Ungdomsting 6.-7. april 2019
 - Frå Hamar bispedømmeråd: Tilsetting av prost
 - Frå DNK: Hefte med liturgisk musikk «med samrøysta lovsong»
 - Frå bønnelista: Kyrkjevalet 2019
 - Frå Åpen Folkekirke: Kyrkjevalet 2019.

Innstilling:

- Protokollen frå Dovre kyrkjelege råd sitt møte 10. oktober 2018 godkjent.
- Offer i Dombås kyrkje 24.12.2018 blir til nytt orgel.
- Dovre kyrkjelege råd vil delta i bispedømmerådets nominasjon og kandidatliste til valg av bispedømmeråd.
- Øvrig informasjon er tatt til etterretning.

Vedtak:

Innstilling samrøysta vedtatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	27. november 2018	112	2017/1

SAK 46/18 BUDSJETTREGULERING 2018

Saksopplysninger:

Revisor har i samband med revisjon av årsregnskap, påpeika at ved større endringar, bør Dovre kyrkjelege råd vedta budsjettreguleringar.

Økonomireglement for DKR:

Endring av årsbudsjett

- Dersom forutsetningene endrer seg, skal rådet vedta budsjettendringer. Vedtak om budsjettendringer skal være skriftlige.
- Budsjettendringer bør foretas i god tid før utgiftsposter overskrides eller når det avdekkes svikt i inntektsposter, samt endringar i merinntekter og mindre utgifter.
- Viser det seg i løpet av året å være nødvendig med en tilleggsbevilgning, plikter den som har budsjettansvar å ta initiativ til at det søkes om tilleggsbevilgning. Søknaden skal foreligge så raskt som mulig og før budsjetttrammen overskrides, slik at den fortsatte økonomiske virksomheten bygger på realistiske forutsetninger.

Budsjettfullmakter

- Daglig leder gis følgende fullmakter innenfor rådets budsjett:
 - å foreta endringer i budsjettet som skyldes tariff-forhandlinger dersom inndekking av lønnsmerutgiftene er avklart
 - å disponere merinntekter under art 6 (salg, egenbetaling og avgifter) og art 7 (refusjoner)
 - å se budsjettposter som hører til under samme hovedpost i sammenheng
 - å se alle driftsposter i sammenheng
 - å foreta endringer av ren teknisk karakter i budsjettet
 - å gjøre generelle omposteringer med inntil kr. 25.000,-
 - å bruke frie investeringsmidler dersom annet ikke er bestemt i vedtak.

Regnskapsrapport av 26.10.18 tyder på at det vil bli ein del poster som ikkje samsvarer med vedtatt budsjett. Det er også behov for å disponere inntekter og omdisponere poster som blir mindre enn budsjettet. Utkast til regulering er handsama i AU 2. november. Det er kun større og prinsipielle endringar som blir foreslått.

Til orientering vil kyrkjeverge gjere følgande endringar innanfor budsjettfullmaktene:

- Lønnsjustering mellom ansvar administrasjon og ansvar kyrkje som samsvarer med korleis lønn faktisk er postert. For Aas delte stilling blir dette retta opp med intern overføring slik at regnskapet blir slik rådet har vedtatt.
- Splitte vikarlønn som er budsjettet inkl. sosiale utgifter, samt splitte vikarlønn kyrkjegard på vikarlønn og meirarbeid (vedlikehald) i samsvar med faktisk tidsbruk.

Dette er 0-reguleringer.

Innstilling:

DKR vedtek følgjande budsjettreguleringar:

	Budsj.-18	Buds.-reg.	Endring
Tilbakeført overskudd KLP	0	-105.000	-105.000
Lønnsposter trusopplæring	150.000	20.000	-130.000
Intern overføring (trsopplæring)	0	127.000	127.000
Intern overføring (adm)	0	-61.000	-61.000
Intern overføring (kyrkje)	0	-66.000	-66.000
Vedlikehaldsposter kyrkjer	74.000	31.000	-43.000
Vedlikehaldsposter kyrkjegard (kyrkegard Dovre prioritert)	62.000	105.000	43.000
Strøm	159.000	129.000	-30.000
Inventar kyrkjebygg	8.000	68.000	60.000
Overføring til investeringsregnskap (varmestyringsanlegg, renovering Dombås kyrkje)	0	60.000	60.000
Kjøp maskiner, redskap	50.000	320.000	270.000
Bruk av disp.fond (kyrkjegardsmaskin)	0	-200.000	-200.000
Avsetning til disp.fond (Minnelund – forutsatt overskudd)	0	75.000	75.000
Sum	503.000	503.000	0

Vedtak:

Innstilling er samrøysta vedtatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	27. november 2018	011	2008/4

SAK 47/18 SAK TIL KYRKJELYDSMØTE

Saksopplysninger:

Sak 36/18.

DKR har vedtatt å søke om endre/justere soknegrenser. Hamar Bispedømmeråd har svart at slik endring skal handsamast på kyrkjelydsmøte, og for å sikre vidare handsaming og godkjenning med tankje på verknad for Kyrkjevalget 2019, må kyrkjelydsmøtet gjennomførast før nyttår. DKR skal handsama saker til kyrkjelydsmøtet.

Innstilling:

DKR vedtar fylgjande sak med innstilling til kyrkjelydsmøte 13. desember 2018:

Endring av soknegrense mellom Dovre sokn og Dombås sokn.

Saksutgreiing:

DKR har i møte 18. september vedteke å søke om forlenging av nåværande rådsstruktur samt søke om å endre soknegrensa mellom Dovre sokn og Dombås sokn slik at den samsvarer med skulegrensa. Stad for deltaking, kyrkjelege handlinger og gravlegging kan fortsatt velgast fritt innad i kommunen.



Soknegrensa går lengre nord enn skulegrensa og skaper forvirring og noko ekstra arbeid ved invitasjon til trusopplæring og ikkje minst ved kyrkjevalg. Soknegrensa går på autsida ved Hjellev og på vestsida omtrent ved Tunggeilin. Skulegrensa går på autsida mellom Hågå og Bjørkhol camping og på vestsida ved Manningsåe. Ved siste kyrkjevalg utgjorde forskjellen om lag 120 røysteføre. Ettersom ungane i dette området går på skule på Dombås, er det fleire som etterkvart kjenner sterkare tilknytning til Dombås enn Dovre.

Før bispedømmerådet tek avgjerd, skal menighetsmøte/kyrkjelydsmøte gje uttale. Dette fylgjer av Kirkeloven § 11: «Før vedkommende myndighet treffer avgjørelse, skal menighetsmøte gis anledning til å uttale seg om oppføring eller nedleggelse av kirke, og om deling, sammenslåing eller andre endringer i grensene for sokn.»

DKRs forslag til vedtak for kyrkjelydsmøte:

Kyrkjelydsmøtet støttar forslaget om å endre soknegrensa til å følge skulegrensa mellom Dovre sokn og Dombås sokn som foreslått, jamfør saksutgreiing og kart.

Vedtak:

Innstilling er samrøysta vedtatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	27. november 2018	217	2018/4

SAK 48/18 ÅRETS KYRKJE-MEDARBEIDAR

Saksopplysninger:

Kyrkja har mange friviljuge og mykje frivillig arbeid. Det er ein del av kyrkjens vesen og kultur. I mange år har vi hatt medarbeiderkveld for råd, ansatte og alle dei friviljuge.

Mange kyrkjelyder har ein utmerkelse til ein friviljug årleg eller sporadisk. Dette er ein fin måte å lyfte fram frivillig arbeid og innsats, og det er også god «reklame» å få mediadekning av utdeling. Og ikkje minst, syne at kyrkja set stor pris på – og er avhengig – av dei mange friviljuge. Og ein slik pris kan også være med å fremme meir frivilligheit.

Innstilling:

DKR oppretter ein pris til årets kyrkje-medarbeidar. Prisen består av diplom og blomster og blir delt ut ved medarbeiderkveld eller liknande arrangement. Prisen blir primært tildelt ein ulønna friviljug. Prisen blir delt ut til nokon som har gjort stor innsats for lokalkyrkja gjennom året eller over tid. Arbeidet kan vere av praktisk art, som friviljug ved arrangement, i råd og utvalg eller på annan måte. Årets medarbeider blir utvalgt av ein komité som består av sokneprest, rådsleiar og kyrkjeverge. Frist for å nominere kandidatar er 14 dagar før utdeling. Prisen blir fyrste gang utdelt i 2018.

Vedtak:

DKR oppretter ein pris til årets kyrkje-medarbeidar. Prisen blir primært tildelt ein ulønna friviljug. Prisen blir delt ut til nokon som har gjort stor innsats for lokalkyrkja gjennom året eller over tid. Arbeidet kan vere av praktisk art, som friviljug ved arrangement, i råd og utvalg eller på annan måte. Årets medarbeider blir utvalgt av ein komité som består av sokneprest, rådsleiar og kyrkjeverge.

Kyrkjeverge innhenter forslag til diplom el.lign. med årleg kostnad frå fleire kunstnarar før ny handsaming i DKR.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	27. november 2018	154	2006/32

SAK 49/18 SØKNAD OM REDUKSJON AV LEIGESATSER

Saksopplysninger:

Bjørn Sigurd Glorvigen har på vegne av Dovrejul 2018 tinga Dovre kyrkje og Dombås kyrkje til konsertar i romjula.

Det nærmar seg jul og Dovrejul. Vi er glade for at vi kan igjen samarbeide og bruke kyrkjene i Dovre. De finn programmet vårt her: (Nokre endringar blir det, men alt i alt er dette det som skjer).

Vi har vore opptekne av å bruke det nye orgelet i Dombås kyrkje. Difor er det stas å få gjere både Poulenc sin konsert for orgel, paukar og strykeorkester i tillegg til at orgelet deltek på framføringa av Ole Hjellemo sin symfoni.

I år har ikkje Dovrejul klart å skaffe så mange støttekroner som vi hadde håpa. Vi opererer no på eit absolutt minimumsbudsjett når det gjeld marknadsføring, programtrykking, muskarhonorar og andre utgifter. Det ligg no an til at Per Arne og eg kjem til å jobbe gratis. Til tross for dette er økonomien likevel veldig skjør og avhengig av gode publikumstal. Vi ser heile tida etter stader der vi kan kutte på utgiftene.

Difor lurar eg på om de har noko å gje ifrå Dovre kyrkjekontor? Vi har budsjettert med ei kyrkjeleige på 9000 kr. Er det mogleg å gjere noko med dette, slik at kyrkja også kan bidra til at det nye orgelet får prøvd seg med orkester og paukar?

Forespørselen er forelagt kantor. Han er tydelig på at dei kan gjerne bruke orgelet, men at det absolutt ikkje er aktuelt å framstille det som noko slags innviing e.l. som gjev grunn til spesialpris for arrangøren.

Utleigesatsar vedteke i sak 27/14:

Utleige satser for kyrkjene til konsertar o.l. som fell inn under godkjente formål av kyrkjene:

Kyrkje med brannvernleiar: kr 3.000

For bruk av instrument: kr 500 pr. instrument.

Øving/opplåsing på ekstra dag: kr 500.

I og med at det er mange utøvarar, mykje utstyr og mange publikummar, er det behov for to kyrkjetenere til stades som brannansvarlege. Erfaringsvis er det også mykje arbeid for kyrkjetenar i forkant og undervegs av konsertane.

Innstilling:

DKR vedtek: Dovrejul får leige kyrkjene til vanlege utleigesatser.

Vedtak:

Innstilling samrøysta vedtatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	27. november 2018	311 317	2011/10 2011/11

SAK 50/18 GUDSTENESTE- OG OFFERPLAN 2019

Saksopplysninger:

På grunn av mange forhold har administrasjonen laga forslag berre for 1. halvår. Forslaget gjennomgått av staben 21.11.18.

Vedlegg:

Forslag til plan for gudstenester og offerformål 1. halvår 2019.

Innstilling:

DKR vedtek den framlagte planen for gudstenester og ofringer første halvår 2019.

Vedtak:

Plan pr. 22. november er samrøysta vedtatt med to tillegg:

- Offer i Eysteinkyrkja 18. april til Eysteinkyrkjefondet.
- Offer i Dovre kyrkje 18. april til soknerådets arbeid.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	27. november 2018	002	2018/5

SAK 51/18 KYRKJEVALG 2019

Saksopplysninger:

Saksopplysninger er hentet fra «Regler for valg av menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet, vedtatt av kulturdepartementet 16.4.2018». Tidsfrister er fra Kirkerådets hjemmeside.

Valgstyre

Menighetsrådet utgjør valgstyrene i hvert sokn.

Valgstyret har ansvar for:

- Forberede og lede valget
- Tilgjengelig informasjon om valget, tid og sted for valget, valgform, krav til lister, forhåndsstemming.
- Sette i gang nominasjonsarbeidet.

Stemmestyre

Når stemmegivning foregår på flere steder i soknet, skal et stemmestyre på minst tre medlemmer administrere valget på hvert sted. Oppnevnes av valgstyret som også oppnevner leder.

Nominasjonskomitè

Valgstyret oppnevner komitè med minst tre medlemmer som skaffer kandidater til menighetsrådet, samt skaffe minst ti forslagsstillere. Forslagsstilerne skal sette opp kandidatene i prioritert rekkefølge. Leder av komitèen er listens tillitsvalgt.

Viktige datoer:

2. januar: Frist for å registrere nomineringsgrupper.

30. april: Frist for innlevering av listeforslag ved valg av menighetsråd.

5. mai: Frist for å godkjenne listeforslag og kunngjøre valglister, valgform og eventuell supplerende nominasjon.

10. august til 6. september: Forhåndsstemmegivningsperiode

1. september: Frist for forhåndsstemming i annet sokn enn der man har stemmerett.

9. september: Valgdagen

Saksopplysninger på møtet:

Kommunen har vedtatt at valget i 2019 skal foregå kun mandag (kl. 08.00-19.00) og på Dovre samfunnshus og i Moskushallen.

Vedtak:

DKR har valgt einstemmig:

Valgstyre for Dombås sokn: De fire faste medlemmene.

Valgstyre for Dovre sokn: De fire faste medlemmene.

Stemmestyre Dovre: Guri Ruste (leder), Tove Jenny Qvan, Steinar Landheim.

Stemmestyre Dombås: Steinar Botheim (leder), Anne Lise Pettersen, Anita Dybfest Frich.

Nominasjonskomitè Dovre: Sonja Rykhus (leder), Hans Hovde, Helle Hundevadt, Aud Reidun Bøe Øien.

Nominasjonskomitè Dombås: Martin Berg (leder), Stina Storhaug-Løkken, Randi Brennhaug, Kjell Arne Steinhovden.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	27. november 2018	002	2006/30

SAK 52/18 HØYRINGSUTTALE OM NY KYRKJEORDNING

Saksopplysninger:

Kirkerådet har 20. september sendt ut høringsnotat om kirkeordning for Den norske kyrkja. Høringsfrist er 15. desember.

Bakgrunn for forslaget er at dagens Kirkelov blir erstattet av ny lov om tro- og livsynssamfunn og at interne forhold i DNK skal reguleres i kirkeordning som Kirkemøtet vedtar.

Saksdokumenter er å finne under aktuelle høringer på kirken.no:

- o Høringsnotat
- o Regelspeil – oversikt som viser §-er i Kirkelov og foreslått kirkeordning
- o Utkast til kirkeordning

KAs hørings er å finne på www.ka.no

Vedtak:

DKR har enstemmig vedtatt følgende høringsuttale:

Dovre kyrkjelege råd støtter Kirkerådets anbefalinger om å videreføre hovedtrekkene ved dagens ansvar- og oppgavefordeling. Vi oppfordrer likevel til å fortsette arbeidet med forenkling av Dnks organisering og at det på sikt blir en arbeidsgiverlinje

Forslaget kan leses og forstås som at Den norske kirke går i retning av en mer sentralstyrt kirke, der mellomnivået styrkes og at soknene og soknets organer, og spesielt fellesrådene, blir taperne. Dersom Kirkemøtet skal ha mer makt, må sammensetning og gjennomgående representasjon fra soknene til bispedømmeråd og Kirkemøte sees på.

DKR har for øvrig følgende kommentarer til forslaget:

- Vi mener at formålsparagrafen i kirkelovens § 1 bør videreføres i kirkeordningen som ny § 1.
- I kap. 1 bør det også tas med hva som kjennetegner en folkekirke. Og det bør komme tydeligere frem at Dnk er et inkluderende, likeverdig og likestilt fellesskap.
- Vi ønsker at kirkelovens § 2 om soknet blir videreført. Det er viktig at soknets juridiske ansvar og rett samt selvstendighet understrekes.
- Viktig at fellessorgan for soknene får tilstrekkelig juridisk forankring slik at det fortsatt kan opptre som arbeidsgiver, kirkebyggforvalter og gravplassmyndighet.
- § 5 foreslås fjernet. Alternativt må kirkens ombud også tas med.
- § 6: Demokratisk styringssystem videreføres på alle nivå og med daglig leder som er ansvarlig overfor disse.
- § 9 3. ledd må ha et tillegg: «Andre endringer i den kirkelig inndeling samt navn på kirke, sokn og prosti fastsettes av bispedømmerådet *etter forslag fra gjeldende sokn og prosti.*». Sammenslåing av sokn eller endring av soknegrenser må ha lokal forankring.

- Kriterie for medlemskap bør fortsatt være dåp og bosted i soknet.
- §11 4. ledd bør endres i samsvar med regler for kirkebokføring der «Innmelding og utmelding skjer til *kirkebokføreren* eller til Kirkerådet.»
- § 15 i 5. ledd om organisering av soknets organer som avviker fra Kirkeordninger bør ordet «forsøk» byttes med «ordninger». Altså slik at andre ordningen enn skissert i Kirkeordningen kan gjøres permanente, dette i samsvar med erfaringer og ønsker rundt forsøksordninger.
- Vi støtter KAs forslag om å utvide tap av verv til å gjelde også siktelse eller tiltale for vold eller seksuelle krenkelser (§ 17).
- Soknets eierskap må også medføre rådighet over kirkebyggene. Vi ser at Kirkemøtet i visse saker må kunne vedta generelle regler som f.eks. bruk av kirkeklokker, men er negative til at Kirkerådet gis en slik begrensning av soknets kirkeforvaltning som er foreslått i § 28.
- Vi tar ikke stilling til forslagene i §§ 39-44.
- Vi mener at Den norske kirke som trossamfunn må kreve medlemskap for tilsetting i stillinger som innebærer lederskap, trosopplæring og deltakelse i religiøs aktivitet (§ 47).
- Det er på flere punkt brukt tunge, konservative setninger. Dette bør endres.

GUDSTENESTEPLAN JANUAR-JUNI 2019

Kyrkje	Dato	Tid	Merknader	Offerformål
Fredheim kapell	06.01.	13:00	Hellig-tre-konger	
Dombås kyrkje	20.1.	10:00		Menighetens misjonsprosjekt
Dovre kyrkje	20.1.	12:00		Menighetens misjonsprosjekt
Dombås kyrkje	17.2.	10:00	Såmannssundagen	Det Norske Bibelselskap
Dovre kyrkje	17.2.	12:00	Såmannssundagen	Det Norske Bibelselskap
Dombås kyrkje	3.3.	16:00	Misjonsdag, misjonsbasar, kyrkjekaffe	Menighetens misjonsprosjekt: Himalpartner - bedre skulekvardag
Dombås kyrkje	17.3.	10:00	2.s. i faste	Soknerådsarbeid-barn og unge
Dovre kyrkje	17.3.	12:00	2.s. i faste	Soknerådsarbeid-barn og unge
Hjelleseter	31.3.	12:00	Kyrkjekaffe	Krik (kristen idrettskontakt)
Dovre kyrkje	31.3.	16:00	Tårnagenter. Kake.	Kirketeigen
Eysteinkyrkja	14.4.	11:00	Palmesundag	Eysteinkyrkje-fondet
Fredheim kapell	14.4.	13:00	Palmesundag	
Eysteinkyrkja	18.4.	17:00	Skjærtorsdag	Eysteinkyrkje-fondet
Dovre kyrkje	18.4.	19:00	Skjærtorsdag	Soknerådet
Dombås kyrkje	19.4.	19:00	Langfredag	
Dombås kyrkje	20.4.	23:00	Påskeaftan	
Dovre kyrkje	21.4.	12:00	Påskedag	Soknerådsarbeid-diakoni
Dombås kyrkje	5.5.	10:00	Skaperverkets dag. 7- 8-åringar invitert til "fra jord til bord"	SOS barnebyer
Dovre kyrkje	5.5.	12:00		SOS barnebyer
Dombås kyrkje	17.5.	10:00		Soknerådsarbeid-barn og unge
Dovre kyrkje	17.5.	11:15		Soknerådsarbeid-barn og unge
Dombås kyrkje	19.5.	19:00	Samtalegudsteneste, felles	Kirkens nødhjelp
Dovre kyrkje	25.5.	11:00	Konfirmasjon	Soknerådsarbeid-barn og unge
Dombås kyrkje	1.6.	11:00	Konfirmasjon	Soknerådsarbeid-barn og unge
Dovre kyrkje	7.6.	09:00	Skulegudsteneste	
Eysteinkyrkja	9.6.	12:00	Konfirmasjon. Pinsedag. Jub.markering.	Eysteinkyrkje-fondet
Dovre kyrkje	16.6.	10:00	Folkemusikkmesse	Soknerådsarbeid-kyrkjemusikk
Dombås kyrkje	16.6.	12:00		Soknerådsarbeid-kyrkjemusikk
Eysteinkyrkja	30.06 ?	??	Evt Foldal/Oppdal ?	Eysteinkyrkje-fondet